

Rapport GLØD 2013

Pulsen som slår! Harding Puls 20 år!



20-års-markeringa med kanonsalutt i Norheimsund sentrum.
Ordførar i Kvam, Asbjørn Tolo, fekk ansvar for å fyra av saluttane,
Reidun Horvei var utropar og Arild B. Nielsen bles på signalhorn.

Samarbeid mellom Harding Puls, Galleri Puls og Kunsthuset Kabuso.

Kunsthuset Kabuso, ved Heidi Jaeger, inviterte kunstnarorganisasjonen Harding Puls til å markere si 20-årige historie i Kabuso. Det var på tide å vise dei flotte kunstnarane som har tilhøyre til Hardanger på Kabuso sin arena.

Etter litt gjennomgang av omfanget av kunstnarar som er medlemmer i Harding Puls valte me og å involvere Galleri Puls i markeringa slik at me kunne få vist flest mogleg av kunstnarane.

Pulsen som slår! Harding Puls 20 år!

Ein stor idédugnad på e-post for tittel på jubileet gav resultat. Som overordna tittel valde me framleggjet til Arild Helleland . Det signaliserar at organisasjonen er i full aktivitet etter 20 år.

GLØD

I tillegg skulle utstillingane og jubileumsframsyninga ha eigen tittel. Me valde framleggjet GLØD frå Kristi Skintveit, som er treffande for den drivkrafta og iveren kunstnarane i Harding Puls har.

Gjennomgang av Harding Puls si 20-årige historie

Åse Berit Skeie Ulltang og Solfrid Aksnes hadde ansvaret for ei gjennomgang av historia til Harding Puls. Historia vart presentert i ei eiga utstilling i foajeen i Kabuso hausten 2013.

Administrering av 20-års jubileet

Reidun Horvei hadde hovudansvaret for huskonsertane og jubileumsframsyninga med hjelp av Geir Botnen og Arild Helleland.

Solfrid Aksnes hadde hovudansvaret for jubileumsutstillingane saman med Aud Bækkelund og Svein Nå.

Frå planen for dei visuelle kunstprosjekta:

- 2 store kuraterte utstillingar samtidig, med nye og "eldre" arbeid av kunstnarane i Harding Puls:
 - 1 utstilling i Kunsthuset Kabuso i Øystese.
 - 1 utstilling i Galleri Puls i Norheimsund.
 - X antal utstillingar i heimane til publikum.

Gjennomføring:

Dei to utstillingane GLØD i Kunsthuset Kabuso og i Galleri Puls vart gjennomførte etter planen med til saman 65 kunstverk av 34 kunstnarar.

Kuratorar: kunstnarane Aud Bækkelund, Svein Nå og Solfrid Aksnes.

Stad 1: Utstillinga GLØD i Galleri Puls opna 9. november, på sjølve dagen for Harding Puls 20 år, og sto til 22. desember.

Der viste me 35 kunstverk av kunstnarane:

Arne B. Mælen, Åsne Digranes, Bjørn B. Pedersen, Svein Nå, Lars G. Polden, Elisabeth N. Emmerhoff, Audun Storaas, Agurtxane Concellon, Judith de Haan, Tone Aanderaa, Ingunn van Etten, Torunn Øvsthus, Åse Berit Skeie Ulltang, Anne Hesvik, Johild Mæland, Randi Sandven Skeie, Linda Lid, Els Geelen, Guro Øverbye.

På opninga spelte Knut Hamre hardingfele og tidlegare fylkeskultursjef i Hordaland, Ingebjørg Astrup, heldt opningstalen.

Om lag 60 personar kom på opninga. Totalt 200 vitja utstillinga Hardanger Kunstskule (HAKU) fekk eiga omsyning i utstillinga.



Biletvev av Svein Nå og laksar i steingodsleire av Bjørn B. Pedersen



Fra venstre: maleri av Ingunn van Etten, keramikk av Torunn Øvsthus, maleri av Åse Berit Skeie Ulltang



Maleri av Randi Sandven Skeie og keramikk av Linda Lid

Stad 2: Utstillinga GLØD i Kunsthuset Kabuso

opna 23. november og varde til 22. desember.

Der viste me 31 kunstverk av kunstnarane:

Aud Bækkelund, Wim van den Toorn, Simone Hooymans, Ingunn van Etten, Nina Bang Larsen, Hildegunn Strømme, Silje Solvi, Kristi Skintveit, Jorunn Hanto-Haugse, Marie Skeie, Felieke van der Leest, Svein Nå, Solfrid Aksnes, Synneva Heradstveit, Lars Korff Lofthus, Mirjam Clement, Johild Mæland.

Utstillinga vart opna av fagleg leiar i Kabuso, kunsthistorikar Heidi Jaeger.

Musikalsk innslag ved Knut Hamre - hardingfele. Leiar i Harding Puls tok publikum med på omsyning i utstillinga. Mange av kunstnarane var til stades og fortalte om sine kunstverk. Om lag 70 møtte fram på opninga. Om lag 500 vitja utstillinga totalt. Kabuso heldt omsyning for fem skuleklassar, for Hardanger Kunstskule (HAKU) og ei eiga omsyning for eldre.

Utstillingar ute i heimar og på arbeidsplassar.


Denne programposten vart utsett til på nyåret 2014 og gjennomført med ei utstilling av Johild Mæland samtidig med ein huskonsert i Odda.

Diverre hadde me ikkje ressursar til fleire utstillingar under dette punktet.

Det var usikkerheit kring økonomien for heile prosjektet sidan me ikkje fekk svar på alle søknadane før heilt opp under opninga 9. november. Når me så fekk mindre tilskot enn me sökte om måtte prosjektet avsluttast.



Frå venstre: maleri av Jorunn Hanto-Haugse. Bak søyla: verk av Marie Skeie, Felieke van der Leest og Svein Nå.
Installasjon av Solfrid Aksnes, akvarellar av Synneva Heradstveit, skulptur og maleri av Lars Korff Lofthus.




Frå venstre: installasjon av Aud Bækkelund, maleri av Wim van den Toorn.



Frå venstre: maleri av Wim van den Toorn, animasjon av Simone Hooymans, maleri av Ingunn van Etten.



Frå venstre: foto av Silje Solvi, tekstil av Kristi Skintveit, maleri av Jorunn Hanto-Haugse



Frå venstre: installasjon av Nina Bang Larsen, maleri på papir av Hildegunn Strømme, foto av Silje Solvi.

Frå planen for framsyning og konsertar:

- Ei stor festframsyning med musikk og poesi i konsertsalen i Kunsthuset Kabuso.
- X antal konsertar og opplesing ute i heimar og på arbeidsplassar til publikum.

Gjennomføring:

Jubileumsframsyninga GLØD i Kunsthuset Kabuso, 9. nov.

På scena bidrog 13 musikarar, forfattarar og skodespelarar.

Reidun Horvei og Geir Botnen var programansvarlege.

Arild Helleland hadde ansvar for regien.

Desse deltok på scena:

*Arild B. Nielsen, Arnhild Litlerè, Benedicte Maurseth, Åsne Valland Nordli,
Geir Botnen, Reidun Horvei, Knut Hamre, Merethe Gauden, Knut Markhus,
Odveig Klyve, Torunn Ystaas, Arild Helleland, Randi Storaas.*

Salen har plass til 150 personar og etterspørsel etter billettar starta tidleg. Framsyninga vart utseld og fekk god omtale.

Sjå foto frå framsyninga på dei neste sidene.

Sjå og vedlagt avisomtale av jubileet lenger bak.

Konsertar og opplesing ute i heimar og på arbeidsplassar til publikum,

Tilbodet vart annonsert i alle dei tre lokalavisene som dekkar hardangerkommunane.

Det var stor interesse for tilbodet til heimane.

16 konsertar og opplesingar vart gjennomførte frå 1.okt -8. nov.

Tre konsertar vart gjennomførte etter nyttår i 2014.

Husvertane hadde invitert mellom 5 – 30 tilhøyrarar.

Musikarane og forfattarane som publikum tinga var:

*Reidun Horvei, Geir Botnen, Arild Helleland, Knut Hamre, Torunn Ystaas
og Merethe Gauden.*

Sjå avisoppslag lenger bak.



Jubileumsframsyninga GLØD: Operasongar Arild Helleland og songar/kvedar Reidun Horvei



Musikar Arild B. Nielsen på lur



Pianist Geir Botnen



Songar/kvedar Åsne Valland Nordli og hardingfelespelaar Benedicte Maurseth



Forfattar Knut Markhus les eigen prolog



Forfattar Torunn Ystaas les frå eiga bok

Frå planen for utstillinga om Harding Puls si 20-årige historie:

- Utstilling om Harding Puls sin 20-årige historie

Gjennomføring:

Styreleiar Solfrid Aksnes hadde ansvar for tekst og utforming av utstillinga som vart montert i foajeen til Kunsthuset Kabuso.

Utstillinga vart opna 9. november av initiativtakar og fyrste leiar av Harding Puls, Bjørn B. Pedersen.

Teksten var sett opp punktvis under årstala med dei viktigaste hendingane for kvart år. For å illustrera aktiviteten vår vart det laga collage av alle avisoppslaga som har vore gjennom åra. Den historiske utstillinga var interessant både for dei medlemene som har vore med frå starten og for nye medlemer i Harding Puls. Ikkje minst gav den publikum eit bilet av den store aktiviteten me har hatt gjennom 20 år.



Historisk kavalkade. Foto Kristi Skintveit

Markeringsdagen 9. november

Me starta markeringsdagen med kanonsalutt ute i sentrum i Norheimsund. Ordføraren i Kvam , Asbjørn Tolo, stilte med ordførarkjede og tok på seg oppgåva med å avfyra salutten. Reidun Horvei var uttropar og Arild B. Nielsen bles i signalhornet. Etterpå inviterte me og Thon hotell Sandven til open musikk-kafé i spisesalen på hotellet.



Offentleg helsing

Me mottok gratulasjonar frå Hardangerrådet underskrive av alle dei sju ordførarane i Hardanger, både i form av annonsar i avisar og overlevert som diplom ved ordføraren i Kvam.

Me set veldig pris på denne gesten, og takksemda som ligg bak den, for det Harding Puls og kunstnarane bidreg med både i Hardanger og utanfor regionen. Me er stolte over diplomet.



Foto: Reidun Horvei og
ordførar i Kvam, Asbjørn Tolo.



Knut Hamre – hardingfele



Ordførar Asbjørn Tolo formidla
helsing til Harding Puls



Ingebjørg Astrup - opningstalen



Dei deltagande kunstnarane i Galleri Puls

Økonomiske støttespelarar

Norsk kulturråd	Kr. 120.000
Hordaland fylke	kr. 30.000
Norske Kunsthåndverkere	kr. 30.000
FFUK	kr. 66.500
BKK	kr. 10.000
Sparebanken Vest	kr. 10.000
Hardanger kulturråd (katalog/hist utst.)	kr. 10.000
<u>Thon hotell Sandven</u>	kr. 500
<u>Sum</u>	kr. 277.000
I tillegg kom	
Harding Puls eigen del	kr. 88.658
Billettinntekter	kr. 53.450

Til saman

Kr. 419.108

Feira bursdag med å tilby mass



Taffelmusikk: Trompetist Arild B. Nielsen og pianist Geir Botnen slo an med godtonar på Thon hotel Sandven før utstillingsoppninga laurdag.

Kunstnarsamskipnaden
Harding puls har halde
koken i 20 år. Laurdag
koka kunstnarar og lekfolk
over i yr bursdagsglede og
krutøykrus.

ÅSMUND SOLDAL

Reidun Horvei hadde både lunte og krut nok til å fyra av tjø ka-nonskot på haldeplassen i Nørheimsund laurdag. Sjølv om lysta vart til stades, avgrensa ha saluten til tre kraftige smellar. Ordfo-rar Asbjørn Tolo (H) tende lunta

medan Horvei gjekk bananas på toppen av amfiet i glede over åremåldagen til Harding puls. Eit stort publikum lét seg inspirere av krutøyken og den inspirerte vosingen. Det var både kjek og stort at me har halde ut i tjue år, jubla Horvei.

Etter seansen på haldeplassen fylte publikum festsalen på Thon hotell Sandven. Pianist Geir Botnen og trompetist Arild B. Nielsen underheldt med kjende, lette tonar. Taffelmusikk kalla dei programmet av jazz- og musikalsvisker. Derefter stroymde tilhøyrarane opp "bankbrotet" til utstillingsoppning i Galleri puls. Festen

heldt fram med jubileumsframsyning for fullsett sal i Kabuso utekvelden.

- Det skjer alltid noko

Skulptør og keramikar Bjørn B. Pedersen frå Aksnes og operasongar Arild Helleland frå Oslo og Lofthus meiner det er all grunn til å feira den runde dagen til kunstnarsamskipnaden, der bære er medlemmer.

– Me ville ikkje vere med i den same kunstnarorganisasjonen utan Harding puls. Kanskje ville me ikkje eingong vorte så godt kjende med kvarandre, seier Helleland.

Tenor med internasjonal kar-

riere hevdar at det ikkje finst makten til Harding puls nokon stad i landet.

Pedersen og Helleland er samde om at det er stimulerande for personar i kreative yrke å ha høpehav på tvers av sjangrar og uttrykksmåtar.

– Medlemene samarbeider godt, og så skjer det alltid noko i regi av Harding puls. Eg vert imponeert kvar gong eg kjem vestover, seier Helleland.

- Tverrfagleg er bra

Pedersen var den første styreleia-ren i samskipnaden. Han fortel at starten kravde mykje arbeid. Den

fyrste samkomma vart kalla "Puls 93". Då var veggen kort til Harding puls, fortel han.

Arild B. Nielsen var også med i styret frå starten. Han poengterer kor viktig den tverrfaglege profilen har vore for medlemene.

– Men stressa ein del i starten, men det losna då me fekk pengar til ein dagleg leiar. Sidan har det gått fint, seier Nielsen.

Kulturskulerektor i Lindås seier han har hatt stor flagle nytte av medlemskapen i Harding puls. Han har mellom anna lært mykje om kva som trengs for å driva med andre kunstformer enn musikk.



Frå venstre:
Stinn brakke: Ikke eit sete var ledig, eller kanskje tort, då festfram-syninga gjekk av stabelen i Kabuso laurdag kveld. Alt frå opplesing, pianomusikk og biletspel til opera, poesi og hardingfele stod på programmet.

Viktig: Judith Elisabet De Haan og Wim van den Toorn meiner dei neppe hadde greidd å etablera seg som kunstnarar i Kvam utan Harding puls.

Sane kultur

– Kunstrnarar vert ofte einsame når dei bur så spreidd som i Hardanger. Samskipnaden har bidrege mykje til at det ikkje lenger er eit problem. Sjølv om me driv med svært ulike kunstformer, har me Hardanger som eit felles multiplem. Tilhørsle er limet i organisasjonen, hevda Nielsen, som framhevar Sandven hotell som ein viktig møtestad for kunstrnarane gjennom åra.

Han meiner dagleg leiar Solfrid Aksnes i Harding puls gjer ein imponerande innsats for samskipnaden, mellom anna med å laga arrangement og inspirera dei sytti medlemene.

Aksnes opplyser at ho har hatt leiarjobben i 13 år.

Einsamt utan

Det nederlandske kunstnarparet Judith Elisabeth De Haan og Wim van den Toorn seier til HF at Harding puls har spela ei avgjerande rolle for dei fleste utanlandske kunstrnarane i distriktet. Paret kom til bygda i regi av *Kvammalokk*, og hamna snøgt i klørne til Harding puls.

– Samskipnaden har vore viktig for oss heile tida sidan me kom til Kvam. Kunstnartilveret ville vore einsamt utan Harding puls. No er det svært sosialt, seier van den Toorn.

De Haan framhevar den tverrfaglege profilen som eineståande i kunstkrinsar. Ho meiner dette gjer noko bra med medlemene. Ho er ein av dei tjue jubileumsutstillaane i Galleri puls. Ho bidreg med to tresnitt med motiv frå Ålvik. Salsutstillinga *Glød* har 35 arbeid – målarstykke i ulike teknikkar, keramikk og tekstil. Prisane spenner frå 1.800 til 45.000 kroner.

Fekk skryt og sjekk

Jubileumsutstillinga vart opna av tidlegare fylkeskultursjef Ingebjørg Astrup etter at Knut Hamre hadde spela ein bånsull etter Anna Skeie. Astrup er imponert over at samskipnaden har halde koken i tjue år. Når det er langt mellom kunstrnarane, er det godt med eit nettverk, påpeika ho. Den tidlegare kultursjefen meiner Harding puls har ære for fleire viktige kunstprosjekt i inn- og utland, og for å ha gjort Messen i Ålvik til eit viktig kunstnarsentrum.

– Eg vonar pulsen vil slå i nye tjue år, sa ho.

Ordførar Asbjørn Tolo sette punktum for opninga ved å overlevara både bursdagsdiplom og 140.000 kroner frå Hardangerrådet. Ein del av pengene er øyremerkte grunnlovsjubileet neste år. Tolo understreka at politikarane i alle hardangerkommunane er same om at Harding puls har vitalisert distriktet.



Utkledd: Ordførar Asbjørn Tolo fyrdye av kanonen tre gonger. Difor framstod han som Tordenskiold.




Samspel: Kvedar Åsne Valland Nordli (t.v.) og Benedicte Maurseth framførde *Ales i Kabuso*.

Foto: Sigmund Linga



Litet: Dagleg leiar Solfrid Aksnes har mykje av æra for at sytti kunstrnarar med ulik bakgrunn held saman både fagleg og sosialt, meiner medlemer. Her er ho på "heimebane" i Galleri puls.



Osamanen: Knut Markhus las taktfast til pulsen ein tekstu med utgangspunkt i mannen som bad passasjeren om å gjera ein annan mann ei beine som betaling. Jubileumsframsyninga hadde tittelen *Glød*.

Hordaland Folkeblad

A-avis

Nr. 81 | Årgang 140 | Fredag 25. oktober 2013 | Laussal kr. 12,-

– Tunnel kan stengja veg

Iosstein Ljones (Sp) fryktar at Tokagjelet kan verta stengt dersom Kvam herad berre kjempar for tunnel under Kvamskogen. Han vil ha ein brei debatt om

strategien og alternativa. Administrasjonen sine deltararar i møta i samferdslegruppa fryktar at tiltak i Tokagjelet kan øydeleggja for tunnelen.

Ljones er usamd og vil kjempe for betre veg til Kvamskogen. Han får støtte av leiar Henrik Steine i Kvamskogen næringslag

og leiar Hallvard Bjørgum i Norheimsund næringslag, som meiner det må vera eit krav at vegen vert halden open.

|side 6-7

Stemningsfull huskonsert på Fosse



Reidun Horvei og Geir Botnen gav kjøparen valuta for pengane då dei heldt huskonsert på Fosse i Strandebarm sist fredag. Tilbodet til Harding puls har vore svært populært.

|side 12

Reknskapet for Glød går frå hausten 2013 – til midt i februar 2014

Dato fra-til:		Resultat pr. avdeling				Side:	
Regnksapsår	Periode	for					
		HARDING PULS					
2 20-årsjubileet							
		Denne periode		Hittil			
Nr.	Kontonavn	Regnskap i år	Regnskap i fjor	Budsjett	Regnskap i år	Regnskap i fjor	Budsjett
Salgs- og driftsinntekt							
3003	Inntekt konsertar og arrangement	52 750,00 cr		52 750,00 cr	52 750,00 cr		
3448	Tilskot ny katalog	10 000,00 cr	0,0	10 000,00 cr	10 000,00 cr		
3454	Tilskot Harding Puls 20	188 500,00 cr			188 500,00 cr		
	Salgs- og driftsinntekt	251 250,00 cr	0,00	0	251 250,00 cr	0,00	0
Lønnskostnad							
5010	Lønn prosjekt	80 064,00	11 136,00	80 064,00	11 136,00		
5400	Samla arbeidsgiveravgift	8 486,79	1 180,42		8 486,79	1 180,42	
	Lønnskostnad	88 550,79	12 316,42	0	88 550,79	12 316,42	0
Annen driftskostnad							
7100	Prosjektarbeid/design	29 376,00	0,0	29 376,00	29 376,00		
7101	Honorar utøvarar	140 250,00	0,0	140 250,00			
7103	Uttillingsvederlag	26 450,00		26 450,00			
7105	Utg. utstilling/produksjon/prosjektor	2 117,50	0,0	2 117,50			
7106	Utgifter konsert/arrangement	3 813,00		3 813,00			
7107	Frakutgifter	1 843,00		1 843,00			
7109	Marknadsføring/annonsar	26 023,63		26 023,63			
7110	Trykksaker	640,00		640,00			
7112	Reise, kost og losji	36 488,00	2 288,00	36 488,00	2 288,00		
7113	Veggjar + soklar	7 658,01		7 658,01			
	Annen driftskostnad	274 659,14	2 288,00	0	274 659,14	2 288,00	0
	Driftskostnader	363 209,93	14 604,42	0	363 209,93	14 604,42	0
	Årsresultat	111 959,93	14 604,42	0	111 959,93	14 604,42	0
	8800 Årsresultat	111 959,93 cr	14 604,42 cr		111 959,93 cr	14 604,42 cr	

Dato fra-til:

Regnskapsår 2014

Periode 01 - 02

Resultat pr. avdeling

for

HARDING PULS

Side:

2 20-årsjubileet

Nr.	Kontonavn	Denne periode			Hittil		
		Regnskap i år	Regnskap i fjer	Budsjett	Regnskap i år	Regnskap i fjer	Budsjett
Salgs- og driftsinntekt							
3003	Inntekt konserter og arrangement	700,00 cr	52 750,00 cr	700,00 cr	700,00 cr	52 750,00 cr	700,00 cr
3448	Tilskot ny katalog	10 000,00 cr	10 000,00 cr	10 000,00 cr	10 000,00 cr	10 000,00 cr	10 000,00 cr
3454	Tilskot Harding Puls 20	78 500,00 cr	188 500,00 cr	78 500,00 cr	188 500,00 cr	188 500,00 cr	78 500,00 cr
	Salgs- og driftsinntekt	79 200,00 cr	251 250,00 cr	0	79 200,00 cr	251 250,00 cr	0
Lønnskostnad							
5010	Lønn prosjekt	6 144,00	80 064,00	6 144,00	6 144,00	80 064,00	6 144,00
5400	Samla arbeidsgiveravgift	651,26	8 486,79	651,26	651,26	8 486,79	651,26
	Lønnskostnad	6 795,26	88 550,79	0	6 795,26	88 550,79	0
Annen driftskostnad							
7100	Prosjektarbeid/design	3 632,00	29 376,00	3 632,00	29 376,00	29 376,00	3 632,00
7101	Honorar utøvarar	12 500,00	140 250,00	12 500,00	140 250,00	140 250,00	12 500,00
7103	Udstillingsvederlag	27 000,00	26 450,00	27 000,00	26 450,00	26 450,00	27 000,00
7105	Utg. utstilling/produksjon/prosjektor		2 117,50			2 117,50	
7106	Utgifter konsert/arrangement		3 813,00			3 813,00	
7107	Fraktutgifter	2 334,90	1 843,00	2 334,90	1 843,00	1 843,00	2 334,90
7109	Marknadsføring/annonsar		26 023,63			26 023,63	
7110	Trykksaker/dokumentasjon		640,00			640,00	
7112	Reise, kost og losji	3 637,00	36 488,00	3 637,00	36 488,00	36 488,00	3 637,00
7113	Veggar + soklar		7 658,01			7 658,01	
	Annen driftskostnad	49 103,90	274 659,14	0	49 103,90	274 659,14	0
	Driftskostnader	55 899,16	363 209,93	0	55 899,16	363 209,93	0
	Årsresultat	23 300,84 cr	111 959,93	0	23 300,84 cr	111 959,93	0
8800	Årsresultat		111 959,93 cr			111 959,93 cr	



**HARDING
P**L**S**

Harding Puls

Vikøyvegen 408

5600 Norheimsund

post@hardingpuls.no

www.hardingpuls.no

www.galleripuls.no